

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I AARDALENS VENNER 2018

Stad : Biblioteket i Selje

Dato: 26 mars 2019

Tid: 18.30 – 20.30

Frammøtte: Terje Hovden, Unni Eltvik Hovden, Per Arne Berge, Ruth Alice Aardal, Wenche Leknesund.

Leiar Wenche Leknesund ønskte velkommen til møtet.

Saker til handsaming:

1. Godkjenning av innkalling

Innkalling til årsmøtet var sendt ut på facebook-sida til Aardalens Venner. I tillegg var det sendt ut innkalling på e-post til styre-medlemmane.

Ingen merknader, innkallinga samrøystes godkjend.

2. Val av ordstyrar og møteskrivar

Wenche vart vald som ordstyrar og møteskrivar. Samrøystes.

3. Godkjenning av årsmeldinga frå styret

Terje las opp årsmeldinga for 2018. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend

4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2018

Terje las opp revisjonsmeldinga, og gjekk gjennom resultatrekneskapen. Heile rekneskapet var tilgjengeleg for gjennomsyn.

Totale inntekter for 2018 var kr 1 208,-, medan totale utgifter var kr 29 400,50.


Behaldning for laget pr. 31.12.2018 er redusert til kr 3 195,04.

Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

5. Framtida til vennelaget, vurdering av oppløysing av vennelaget

Det har i mange år vore vanskeleg å få folk til å sitje i styret i Aardalens Venner. Arbeidet som styret har utført har avteke år for år, slik at det siste året i praksis har vore avgrensa til kontakt med myndigheiter i høve offentleg støtte og til innkjøp av materialer.

Til all lukke er situasjonen no slik at eigarane sjølve ynskjer å ta Årdalen meir i bruk privat. I 2018 har derfor eigarane sjølve stått for alt praktisk arbeid under vølingsarbeidet med kårhuset.



På denne bakgrunn vart det samrøystes bestemt at vennelaget no blir oppløyst. Vedtak om dette er dermed fatta av to ordinære påfølgande årsmøter i samsvar med § 10 i vedtektene.

Dei som har sete i styret vil vere til hjelp under oppløysing og overtaking, og overføre nødvendig informasjon til eigarane slik at det blir ein naturleg og god overgang.

Styret vil m.a. ta kontakt med Selje kommune med spørsmål om vidare drift av heimesida til Aardalens Venner. Dette er viktig fordi heimesida inneheld mykje dokumentasjon som bør sikrast for framtida, både om arbeid som gjennom åra er utført av Aardalens Venner, men spesielt arbeid som er gjort av Høgskulen i Sogn og Fjordane for kartlegging av vegetasjon, datering av «trekolhorisontar» (som kan tyde på aktivitet i Årdalen så langt tilbake som til 400 år f.Kr.) etc. Årdalen er elles ein viktig del av det nasjonale landskapsverneområdet Hoddevik – Liset.

På denne bakgrunn kan det vere naturleg at kommunen administrerer heimesida vidare som ein del av kulturminneplanen.

I 2018 har vennelaget etter søknad fått lovnad frå Fylkesmannen og Norsk kulturarv (Ta eit takaksjonen) om midlar på inntil kr 85 890,- til vidare vøling av bygningane i Årdalen. Det er avklara at desse midlane kan utbetalast direkte til eigarane etter dokumentasjon på utført arbeid etter at vennelaget er oppløyst.

Eigarane ynskjer at Årdalen framleis skal vere ein open og tilgjengeleg plass for folk som er på tur i området.

6. Val av styremedlemmar

Viser til at laget vert oppløyst. Det vart ikkje val av styremedlemmer.

7. Val av varamedlemmar, revisorar og valnemnd

Viser til at laget vert oppløyst. Det vart ikkje val av revisorar og valnemnd.

8. Eventuelt innkomne saker.

Ingen innkomne saker til handsaming.

Selje, 1.4.2019

Wenche Leknesund
referent